

Årsplan for arbeidsåret 2022– 2023

Møtestad er Borstova eller Fjordahallen 2. måndagen i månaden kl 19.00, dersom ikkje noko anna er nemnt.

Dei som er med i kaffi/matnemnda møter opp ca 1 time på førehand og syter for gevinstar og mat. Kaffi, koppar og fat vert kjøpt inn av styret. Kaffi vert kokt på staden, men ta gjerne med ei kanne kaffi i tillegg. Dersom oppsett kaffi/matnemnd ikkje høver, er det fint om de ordnar opp sjølve og byter innbyrdes.

2022

Måndag 7. november: Årsmøte

Stad: Kantina i heradshuset

Saker: Årsmelding, rekneskap, løyvingar, val, arbeidsplan m.m.

Mat: Servering av smørbrød frå Spar og kaffi/te.

Opplesing og mogeleg besøk frå distriktslaget som vil informera om saker.

Kaffinemnd, for koking av kaffi og tilrettelegging av matservering:

Margareth Moberg og Britt Helen Stuholm.

Måndag 5. desember: Adventsmøte

Stad: Borstova

Me inviterer med oss gjester.

Program: Ljostenning. Sokneprest Leni Mæland vil gjesta oss og fortelja om seg sjølv og arbeidet sitt.

Kaffi /matnemnd: Aase U. Lutro, Elin Skår, Audhild Buddenbaum og Gerd Solberg

2023

Måndag 9. januar:

Stad: Fjordahallen

Program: Margareth Moberg kåserer om «Ei reise i språk».

Kaffi /matnemnd: Gunn Berit Beck, Gudbjørg Grønsdal og Gudrun Halland.

Måndag 13. februar: Kultur og tradisjon

Stad: Kantina i heradshuset.

Me inviterer flyktningar og innvandrarar til kulturutveksling.

Tema: Fastelavn. Brita Helleland snakkar om faste i ulike religionar. Me lagar fastelavnsris og serverer fastelavnsbollar. Nemnd for programmet: Anne Eitrheim, Margareth Moberg og Brita Helleland.

Kaffi/matnemnd: Aashild Mæland og Helene Olsen.

Måndag 13. mars kl 18.30: Lyrikkveld, ope arrangement

Stad: Biblioteket. Merk klokkeslett 18.30. Gratis inngang.

Arrangementet er eit samarbeid mellom bygdekvinnelaget, biblioteket og mållaget.

Program: Ellen Løvhaug Harrison er kveldens gjest. Ho har nyleg gitt ut si første diktbok, og vil lesa frå den. Det blir også høve til å kjøpa boka.

Elles vert det høve til diktlesing for dei som ynskjer. Allsong. Loddsal.

Kaffi/matnemnd: Anne Eitrheim, Brita Helleland og Trine Urheim.

Måndag 17. april: Hagemøte

Stad: hjå Margareth Moberg på Marenhus.

Program: Om bokashi. Bokashi er ei enkel og smart kjøkkenkompostering som omdannar matavfall til næringsrik jord.

Kaffi/matnemnd: Kirsti K. Nedrevåg, Kirsti M. Lutro og Inger Dyrnesli.

Turar

Turnemnda har satt opp fire gåturar denne våren:

Tysdag 18. april kl 11. Turen går frå Mikkelparken, opp banelinja til Grindaløo. Ta med niste.

Måndag 8. mai kl 18. Turen går frå Ystanes langs fjøra til Urheim. Ta med niste.
Parkering på Ystanes.

Måndag 22. mai kl 18. Turen går frå Skredhaugen til Helleland og tilbake. Ta med niste.
Parkering på Skredhaugen. Oppmøte ved Mikkelparken kl. 17.45 dersom du treng skyss eller har plass til ein eller fleire i bilen din.

Turen som var sett opp 5. juni vert utsett til hausten.

September: Turnemnda tek seg av planlegginga av blåturen. Informasjon kjem seinare.

6. og 7. juni: Bakedagar i eldhuset

Liste over bakarar er satt opp.

Laurdag 10. juni: Sommarbasaren ved Borstova

Basaren vert kl 16. ved Borstova. Dersom dårleg vær flyttar me oss til gamle Heradshuset. Det vert utlodding av krotakaker, anna bakverk og andre gevinstar.

Alle medlemmer som kan, stiller med gevinstar til utlodding, og kaffimat.

Måndag 9. oktober:

Møtestad: Borstova.

Program: Planlegging og orientering.

Kaffi/matnemnd: Helga Auganes, Hildegunn Sandstå og Bodil W. Ystanes.

Måndag 6. november: Årsmøte

Årsmøtesaker.

Møtestad og program ikkje fastsett.

Andre aktivitetar som kan vera aktuelle

- ✓ Baking i eldhuset med 7. klasse
- ✓ Ulike kurs